


MEDVERKNADSPLAN

Samfunnsplan for Aurland kommune



Innhald

Kva er ein medverknadsplan	2
Lovkrav	2
Prioriterte grupper for medverknad	3
Kommunikasjonskanalar	4
Oversikt over sentrale aktørar	5
Temamøter	6
Verktøy og metode for medverknad	7

Kva er ein medverknadsplan

Dette er ein medverknadsplan for utarbeiding av samfunnsdelen i kommuneplanen til Aurland kommune. Denne planen skal gjere greie for kven som er dei sentrale aktørane og korleis dei skal delta i medverknadsprosessen. Planen gjev ein oversikt over kven dei ulike aktørane er, kva kommunikasjonskanalar me ønskjer å bruke i prosessen og kva verktøy som kan nyttast som metode i medverknadsprosessen.

Gjennom denne planen ønskjer me å plassere dei ulike aktørane innanfor dei ulike stega i påverknadssirkelen. Kven skal me informere, kven treng me informasjon ifrå, kven må me gå i dialog med og kven skal samarbeide med oss i utarbeiding av samfunnsdelen?


Lovkrav

I plan- og bygningslova vert medverknad forstått som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i, og påverke offentlege utrednings- og avgjerdsprosessar, dette inkluderer barn og unge som nemnast spesielt i plan- og bygningslova § 5-1. Det vil seie at befolkninga i eit samfunn er med på å planlegga si framtid.

Medverknad i planprosessen har eit perspektiv om «best mogleg plan», og har mål om å:

- sikre gode løysingar som ivareteke omsyn til alle sine behov
- legge til rette for at alle påverka og interesserte aktørar kan kome til orde
- fremme kreativitet og engasjement, og vere ein arena for demokratisk deltaking i lokalsamfunn
- skaffe eit godt avgjerdsgrunnlag

I tillegg til medverknad med befolkninga og interessegrupper er det viktig med medverknad med påverka myndigheiter og politikarar. Dette for å sikre at ulike myndigheiene sine interesser vert ivareteke gjennom planprosessen.



Prioriterte grupper for medverknad

Tabellen under viser forslag til type medverknad med kvar aktør. Dette kan forandre seg undervegs i prosessen.

Aktør	Type medverknad	Arena	Aktivitet	Mål
Politikarar	Samarbeid	Arbeidsmøte, politisk behandling, temamøte	Utforme planprogram, delta på temamøte, delta på interne arbeidsmøte, behandle planen	God forankring av arbeidet med samfunnsdelen – følgje planarbeidet frå start til slutt
Tilsette i kommunen	Samarbeid	Arbeidsmøte, høyring	Utforme planprogram, delta på interne arbeidsmøte, gje innspel til planen	God forankring av arbeidet med samfunnsdelen - følgje planarbeidet frå start til slutt
Barn og unge	Samarbeid	Informere i ungdomsråd, arbeidsmøte	Informere i ungdomsråd, ha eigne arbeidsmøte med elevar på ungdomsskulen	Barn og unge skal bli høyrte i planarbeidet og kjenne på at dei har ein påverknad
Utval og nemnder	Samarbeid	Informere i eldreråd, råd for personar med nedsett funksjonsevne og andre utvalsmøte, arbeidsmøte	Informere på møte, eigne arbeidsmøte	Alle grupper i samfunnet skal bli høyrte og kunne påverke i planprosessen
Styre og verneinteressar	Dialog	Temamøte, avklaringsmøte, høyring	Møte om spesielle tema og særinteresse	Ta omsyn til vern og andre særinteresse
Overordna myndigheiter	Dialog	Regionalt planforum, avklaringsmøte, høyring	Presentere planen i regionalt planforum, gjere avklaringar før høyring	Tidleg involvering for å avklare plan og forventningar til planarbeidet
Næringsliv	Innsamling av informasjon	Temamøte, høyring	Delta på temamøte, gje innspel til planen	Innhente relevant kunnskap og informasjon til utarbeiding av planen, kunne påverke i planprosessen
Lag og organisasjonar	Innsamling av informasjon	Temamøte, høyring	Delta på temamøte, gje innspel til planen	Innhente relevant kunnskap og informasjon til utarbeiding

				av planen, kunne påvirke i planprosessen
Lokalbefolkning	Innsamling av informasjon	Temamøte, høyring	Delta på temamøte, gje innspel til planen	Innhente relevant kunnskap og informasjon til utarbeiding av planen, kunne påvirke i planprosessen

Kommunikasjonskanalar

Kanal	Type medverknad	Aktivitet
Heimesida	Tilgjengeleggjing av informasjon	Publisere artiklar ved kvar milepæl, ta imot innspel
Facebook	Tilgjengeleggjing av informasjon	Dele artiklar ved kvar milepæl
Aurlendingen	Tilgjengeleggjing av informasjon	Publisere artiklar ved kvar milepæl
Sogn Avis	Tilgjengeleggjing av informasjon	Artikkel i januar før temamøter
Temamøter	Dialog	Opne møter for lokalbefolkning, lag og organisasjonar, næringsliv og andre interessentar
Avklaringsmøte	Dialog	Møte med overordna myndigheiter, styre og verneinteresser
Arbeidsmøte	Samarbeid	Workshop med politikarar, tilsette, barn og unge og andre utval og nemnder

Oversikt over sentrale aktører

Aktør	Representant
Politikarar	Formannskapet, levekårsutvalet, utval for plan og eigedom, kommunestyret
Tilsette i kommunen	Leiar for kvar eining, tillitsvalde og verneombod
Barn og unge	Ungdomsråd, elevar ungdomstrinnet på ABU, fritidsklubben elevråda ved ABU og Flåm skule, ev samarbeidsutval/foreldreutval skular og barnehagar
Utval og nemnder	Eldreråd, Råd for personar med nedsett funksjonsevne, andre brukarorganisasjonar
Næringsliv	INKON, representantar reiselivsnæringa, varehandel/sørvis, bygg og anlegg, landbruk/småskala, SJH
Lag og organisasjonar	Aurland Idrettslag, Aurland Turlag, Aurland Ungdomslag, Vassbygdi Ungdomslag, Aurland Røde Kors, Aurland Jakt og Fiskelag, Aurland Husflidlag, Aurland Sanitetslag, Aurland Pensjonistlag, Bakka Grendalag, Flåm Musikklag, Fortidsminneforeninga, Forum for natur og friluftsliv, Musikkens Venner, Nærøy Vel, Dyrdal Grendalag, Undredal Grendalag, Venner av Aurlandsdalen, Venner av Flåmsdalen
Lokalbefolkning	Innbyggjarane i kommunen
Styre, stiftingar og verneinteresser	Aurland Fjellstyre, Nærøyfjorden verneområdestyre, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland Hamnestyre
Overordna myndigheiter	Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, NVE, Statens Vegvesen m.fl, nabokommunar

Temamøter

I løpet av januar ønskjer kommunen å gjennomføre fire opne temamøte, i tillegg til møte med særskilte aktørar som barn og unge, eldreråd og utval for personar med nedsett funksjonsevne. Dersom det ikkje er mogleg å gjennomføre fysiske møte pga smittevernsituasjonen, vert det gjennomført digitale møte i staden. Det er tenkt eit møte innanfor kvart hovudtema og eit generelt møte om Aurland sitt framtidsscenario:

- Aurland i framtida: Kva vil me at Aurland skal vere i framtida
- Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune: klimatilpassing, arealknappheit
- Lokalsamfunn og tenesteutvikling: korleis arbeide med folkehelseiltak, fritids- og kulturtilbod
- Næringsutvikling og besøksforvaltning: utvikling av reiselivet, vertskap og innbyggjarane sitt behov, kva slags næringar ønskjer kommunen å leggje til rette for

Verktøy og metode for medverknad

Verktøy	Aktivitet	Kjelde
Mentimeter	Samle informasjon frå ei stor gruppe under møte	https://www.mentimeter.com/
Gjestebud	Digital medverknad der folk går saman i grupper og snakkar om bestemte tema	https://www.baerum.kommune.no/politikk-og-samfunn/samfunnsutvikling/medvirkning-ungdom/
Decidim	Open source plattform der innbyggjarane kan gje innspel	https://decidim.org/
Zoom	For å arrangere digitale møte, moglegheit for å dele deltakarane inn i grupperom	https://zoom.us/
Infostasjon	Pop-up infostasjon t.d. attmed nærbutikken for å informere om planprosessen	
Folkemøte/dialogmøte	Informere om planprosessen	
Eksisterande møteplassar	Invitere oss inn på eksisterande møte og møteplassar for å informere om planen	
Innbyggjarintro	Verktøy for å planlegge medverknad: kartlegge utfordring, mål, målgruppe, aktør, spørsmål, kanal, metode og risiko	
Verktøykasse for innbyggermedvirkning	Metode for medverknad utarbeida av NORCE og Arendal kommune.	https://issuu.com/arendalkommune/docs/verkt_ykasse-for-samskaping-arendal_1faedc12ff13c2